

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 19.00</b>
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret		<b>Til kl. 21.00</b>

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Olav Grønsberg, Bente Steine (Per Dale, Anne Karin Buene og Osvald Turlid hadde forfall).

**Vara-medlemar** Erling Nesbø, Kjellaug Bjelde, Reidun Bøe Bjørgum.

**Andre** Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/11, 2/11, 3/11, 4/11.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.2.11

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 1/11. Referat og meldingar

Følgjande meldingar vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 15. desember 2010
- 2) Aurland fiskeadministrasjon – rapport om fiskekortsålet i 2010
- 3) Rapport frå hjort- og elgjakta i Nordheimsdalen i 2010
- 4) Referat frå årsmøte i Aurland hjorteutval den 10.2.11  
**Merknad:** Håkon Øydvinn, som har møtt i utvalet som varautsending for fjellstyret, informerte. Osvald Turlid har bedt om avløyning som fjellstyret sin representant i utvalet. Val av ny representant vert sak i neste fjellstyremøte.
- 5) Årsrapport frå Hardangervidda fjelloppsyn.
- 6) Dei tilsette i fjelloppsynet deltok på samling på Gardermoen i regi av fjellstyresambandet i tida 17. – 19. januar, der hovudtema var HMS på arbeidsplassen.
- 7) Neste fjellstyremøte vert onsdag den **9. mars**.

### Sak 2/11. Fjellstyret si årsmelding for 2010

Årsmeldinga låg føre.

#### **Handsaming i møtet:**

Årsmeldinga vart gjennomgådd, og det vart retta nokre feil: I kapitlet “Naust og båtar” vert det lagt til at det og ligg båt ved nedre Berdalsvatnet. I kap. 5, “Rein og reinsjakt” under overskrifta “Samjaktavtalar” skal det stå NF 463 (ikkje 461).

#### **Samrøystes vedtak:**

Med dei rettingane som er nemnde ovanfor vert årsmeldinga for 2010 godkjend.

---

Aurland, den 16.2.11

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.2.11

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 3/11. Fjellstyrerekneskapen for 2010

Fjellstyrerekneskapen låg føre.

**Samrøystes vedtak:**

Fjellstyrerekneskapen for 2010 vert godkjend.

### Sak 4/11. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2011-2014

Saksutgreiing låg føre. Ei oppdatert utgåve av planutkastet vart utdelt i møtet.

**Handsaming i møtet:**

Det var semje om å utsetja handsaminga av denne planen til marsmøtet i fjellstyret.

**Samrøystes vedtak:**

Saka vert utsett.

---

Aurland, den 16.2.11

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek.